



MØTEBOK

Organ	Fylkesrådet for eldre
Møtestad	Fylkeshuset Leikanger
Møtedato	06.09.2016
Kl.	10:00 – 15:00

Faste medlemmer til stades: Harald Ekroll, Kristoffer Skjolden, Henrik Oppen,
Aud Karin Netland

Forfall til møtet: Anna Sofia Skaar

Varamedlemmer til stades:

Til stades med møte- og talerett: Paal Fosdal orienterte i sak 14/16

Sekretariat for møtet: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 26. april vart godkjend utan merknader.

Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:

Meldesak 1) Svar frå fylkesmannen om fysioterapitenester

Det er kommunen som skal skaffe slike tenester. I slike tilfelle må pasienten sjølv eller med hjelp frå andre ta kontakt med fysioterapeut. Sjå vedlegg for svar frå fylkesmannen.

Kommentar: Teke til vitande og Kristoffer tek denne saka med seg vidare til brukarutvalet i Helse Førde.

Meldesak 2) Førehandstinging av bussbilletter hos nettbuss

«I Gloppen eldreråd sitt møte 30.mai 2016 vart det under ordet fritt teke opp at mange eldre strevar med kjøp av bilettar, etter at Nettbuss innførte sitt krav om førehandstinging av bilettar på bussane mellom Sogn og Fjordane og Oslo.

Det lokale reisebyrå har mange henvendingar frå eldre som treng hjelp til førehandstinging. Reisebyråa har ikkje lenger høve til å skrive ut bussbilletter, men hjelper dei som vender seg til dei for å få hjelp, gjennom å gå inn på nett og betale med kort. For denne tenesta tek dei eit servicegebyr på 100,- kr. Dei kjenner til fleire tilfelle der folk har blitt ståande igjen på grunn av at bussen er full.

Gloppen eldreråd reknar med at dette ikkje berre gjeld eldre i Gloppen, og har eit ønske om at fylkeseldrerådet tek tak i saka på vegne av kommunane i Sogn og Fjordane. Det er truleg eit tidsspørsmål før det vil gjelde også andre buss-selskap. Vi har inga forventning om at ordninga vert reversert, men meiner at det bør finnast alternative løysingar for eldre og andre som ikkje er aktive på nettet».

Kommentar: Følgjande uttale vart sendt til nettbuss og samferdsleavdelinga, med kopi til eldrerådet i Luster og pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane:

«Fylkesrådet er lite nøgd med ordninga av elektroniske bussbilletter på ekspressbussane. Det er ein del eldre som fortsatt ikkje har datapraksis. Vi meiner det framleis må vere høve til å kjøpe bilettar på ekspressbussane, og dermed vere garantert plass. Samferdslemyndigheitene må ved utlysing av rutene, kunne stille krav til at ein får kjøpe bilettar på alle bussar, og gjennom det vere garantert plass».

Sekretær sender informasjon om uttalen til Gloppen eldreråd.

Meldesak 3) Uttale frå Storbykonferansen 2016 om aldersvennlig by

Prosjektet «Aldersvennlig by» er et internasjonalt tiltak som WHO (Verdens helseorganisasjon) har satt i gang for å hjelpe byer til å møte to store globale utfordringer;

- 1. Den raske aldringen av befolkningen*
- 2. Den økende urbaniseringen.*

Det er etablert et globalt nettverk av aldersvennlige byer og samfunn med fokus på de miljømessige, sosiale og økonomiske faktorene som påvirker eldre voksnes helse og trivsel. Nettverket formidler erfaringer og kunnskap globalt. Oslo og Trondheim er medlemmer i Norge. Sjå vedlegg for meir informasjon om aldersvennleg by.

Kommentar: Teke til vitande

Meldesak 4) Uttale frå Storbykonferansen 2016 om tannhelse og munnpleie for eldre

Eldrerådene i landets 9 største byer har på sin storbykonferanse, fra 5. til 8. juni 2016 i Fredrikstad, og har enstemmig vedtatt følgende uttalelse vedrørende tannhelse og munnpleie for eldre:

«Tenner og tannhelse er en del av det totale helsebildet. Barn og ungdom og enkelte grupper av eldre får i dag fri tannbehandling. Det må gjøres en gradvis tilnærming slik at øvrige grupper av eldre også omfattes av ordningen med fri tannbehandling, med en egenandel på lik linje som legetjenester.

Forskere, blant annet ved Universitetet i Oslo, slår fast at eldre blir syke av for dårlig tannpleie. Det er viktig å finne riktige metoder for å gjennomføre en forsvarlig tannpleie. Det utdannes i dag tannpleiere som har bak seg et 3-årig universitetsstudium.

Tannpleierens arbeid er nettopp rettet mot hygienetiltak som rensing og pussing av tennene og ikke minst pleie av - tannkjøttlommen som ligger rundt tannen. Denne behandlingen kan bidra til at pasienten vil kunne beholde tennene sine lenger, og dermed slippe mange ubehagelige opplevelser. Oppfølging av behandlingen må foretas minst to ganger i året, både i hjemmesykepleien og på syke- og aldershjem.

Dersom behandlingen foregår på et syke-aldershjem, vil de ansatte kunne lære av å bistå tannpleieren, slik at de kan gi nødvendig hjelp til pasienten når tannpleieren ikke er tilgjengelig. Daglig innsats er nødvendig for en god tannhelse».

Kommentar: Følgjande uttale vert sendt til fylkestannlegen og kommunane (Naustdal, Jølster, Gaular, Bremanger, Fjaler, Selje, Balestrand, Leikanger, Stryn og Hornindal): «Viser til uttalen frå storbykonferansen om tannhelse og munnpleie for eldre, og tannhelse rapporten kapittel 5 pkt. 5.3: I dag blir pasientar på sjukeheim undersøkte av tannhelsepersonell årleg. Om pasientane treng tannbehandling utover undersøking og førebyggjande behandling må dei som regel få dette på tannklinikken. Unntaket er Vågsøy kommune som har eit enkelt behandlingsrom for tannhelsepersonell på sjukeheimen, slik at noko tannbehandling kan utførast der.

Eldre pasientar kan vere mindre mobile enn yngre pasientar, og kan som tidlegare nemnt trengje hyppigare besøk hjå tannpleiar/tannlege. For kommunar som ønskjer å utvikle eit nærare samarbeid med tannhelsetenesta vil modellen frå Vågsøy vere eit godt alternativ».

Meldesak 5) Henvending frå Flora eldreråd om rutehefte som det er slutt på

Harald orienterte om henvending frå Flora eldreråd om rutehefte som det er slutt på. Harald har vore i kontakt med direktør for samferdsle, og fekk svar på alternative måtar å finne ruteopplysningane på. Kom informasjon om dette i avisa i etterkant om kor ein finn ruteopplysningar.

Fylkesrådet for eldre har følgjande uttale til samferdsleavdelinga: «Fylkesrådet for eldre har registrert at rutehefte ikkje lenger vert produsert. Leiaren i fylkesrådet har motteke henvending frå eldrerådet i Flora, der det vart gjeve tilbakemelding om at det var fleire som hadde problem med å finne ruteopplysningar. Fylkesrådet for eldre har registrert at det i fleire kommunar er vanskar med å finne fram til ruteopplysningar (dette gjeld ikkje berre dei eldre). Fylkesrådet for eldre oppfordrar til at samferdsleavdelinga går tilbake til den tidlegare ordninga med rutehefte».

Meldesak 6) Ymse

Statlege tilskot til Frivilligheitssentralane er fjerna. Dette kan vere ei aktuell sak for møte som skal vere i Fjaler i november.

SAK 11/16 Brukarutval i Sogn og Fjordane - oppnemning av personar for val

Sekretæren rår fylkesrådet for eldre til å gje slik tilråding/gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjer framlegg om at det for perioden 2015 – 2016 vert valt medlem til brukarutvalet i Sogn og Fjordane slik:

Medlem:.....

Endringsframlegg:
Det vart i møte foreslått Kristoffer Skjolden

Avrøysting:
Einstemmig

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesrådet for eldre gjer slikt vedtak:

Fylkesrådet for eldre gjer framlegg om at det for perioden 2015 – 2016 vert valt medlem til brukarutvalet i Sogn og Fjordane slik:

Medlem: Kristoffer Skjolden

**SAK 12/16 Representantar til regionalt brukarutval i Helse Vest
2017 - 2019**

Sekretæren rår fylkesrådet for eldre til å gje slik tilråding:

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane fremjar fylgjande framlegg til nytt medlem/varamedlem:

Medlem/varamedlem:

Endringsframlegg:

Det vart i møte foreslått Kristoffer Skjolden

Avrøysting:

Einstemmig

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesrådet for eldre gjer slik tilråding:

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane fremjar fylgjande framlegg til nytt medlem/varamedlem:

Medlem/varamedlem: Kristoffer Skjolden

**SAK 13/16 Kostnadsreduksjonar samferdsle 2017 - 2019. Innspel
til endringar i rutetilbodet frå 19. juni 2017**

Uttale vart formulert i møte 6. september.

Endringsframlegg:

Det er viktig at utkantane ikkje mister det siste kollektivtilbodet som er, sidan det allereie er få transportmoglegheiter i desse områda. Serviceskyssen må vere ein erstattar for lokale ruter som vert lagt ned. Vedlikehaldet på gang- og sykkelveggar må vere godt nok når det gjeld brøyting og strøing, sidan dette er viktig for alle aldersgrupper, og det er eit godt folkehelseiltak. Busstoppa må vere på stader der ein kan ivareta universell utforming.

Avrøysting:

Einstemmig

Dette gir følgjande VEDTAK:

Det er viktig at utkantane ikkje mister det siste kollektivtilbodet som er, sidan det allereie er få transportmoglegheiter i desse områda. Serviceskyssen må vere ein erstattar for lokale ruter som vert lagt ned. Vedlikehaldet på gang- og sykkelveggar må vere godt nok når det gjeld brøyting og strøying, sidan dette er viktig for alle aldersgrupper, og det er eit godt folkehelseiltak. Busstoppa må vere på stader der ein kan ivareta universell utforming.

SAK 14/16 Budsjett 2017 - Fylkesrådet for eldre

Uttale vart formulert i møte 6. september.

Endringsframlegg:

Harald set opp eit detaljert budsjett for 2017 og den planlagde aktiviteten. Det vert sett opp budsjett for fire møter, landskonferanse og studietur. Eitt av møta vert avvikla i samband med studieturen.

Avrøysting:

Einstemmig

Dette gir følgjande VEDTAK:

Harald set opp eit detaljert budsjett for 2017 og den planlagde aktiviteten. Det vert sett opp budsjett for fire møter, landskonferanse og studietur. Eitt av møta vert avvikla i samband med studieturen.

SAK 15/16 Strategisk plan for kysten 2017 - 2025 - til uttale i fylkesrådet for eldre

Uttale vart formulert i møte 6. september.

Endringsframlegg:

Fylkesrådet har ikkje noko uttale til planprogrammet, og ser at det kan vere meir interessant når det er konkrete planar til uttale. Fylkesrådet legg til grunn at universell utforming vert teke omsyn til i planarbeidet.

Avrøysting:

Einstemmig

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesrådet har ikkje noko uttale til planprogrammet, og ser at det kan vere meir interessant når det er konkrete planar til uttale. Fylkesrådet legg til grunn at universell utforming vert teke omsyn til i planarbeidet.

SAK 16/16 Retningslinjer for lokalisering av handel og kjøpesenter i fylket - til høyring i fylkesrådet for eldre

Medlemmene i fylkesrådet for eldre kjem med felles uttale i møte 6. september 2016

Endringsframlegg:

Fylkesrådet for eldre har ikkje merknader til dei nye retningslinjene. Fylkesrådet legg til grunn at universell utforming vert teke omsyn til.

Avrøysting:

Einstemmig

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesrådet for eldre har ikkje merknader til dei nye retningslinjene. Fylkesrådet legg til grunn at universell utforming vert teke omsyn til i planarbeidet.

SAK 17/16 Skriv og meldingar 6. september 2016 - fylkesrådet for eldre

Det låg føre slik tilråding til vedtak:

- 1. Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande**
- 2. Fylkesrådet for eldre sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak**

Avrøysting:

Einstemmig

Dette gir følgjande VEDTAK:

- 1. Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande**
 - 2. Fylkesrådet for eldre sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding vert lagt under kvar meldesak**
-